



SAKSFRAMLEGG

Forslag til "Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fitjar 2020-2040"

Utval sak	Utval	Møtedato
41/20	Formannskapet	10.06.2020

Vedlegg:

Kommuneplanen
Vedtak frå Eldrerådet
Vedtak frå rådet for funksjonshemma
Vedtak frå ungdomsrådet.

Bakgrunn:

I PS sak 50/18 «Planstrategi» vedtok kommunestyret at kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) skulle rullerast i 2019.

19.12.18. fatta kommunestyret slikt vedtak om kommuneplanen sin samfunnsdel
Sak PS 59/18

«Kommunestyret i Fitjar kommune vedtek revidering av «Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020- 2040 for Fitjar kommune.» heimla i Plan- og bygningsloven §11 -12 Kommunestyret vedtek oppstart av «Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040 for Fitjar kommune» Jfr Plan- og bygningsloven §4-1»

I budsjettet for 2019 vart det sett av kr 300 000 til arbeidet med kommuneplanen.

24.04.19 fatta kommunestyret slikt vedtak om planprogrammet for KPS

«Kommunestyret vedtek vedlagte Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 – 2040 i tråd med PBL § 4-1, med følgjande endring under kulepunkt 'Mangfald og inkludering': Fitjar si historie og kulturarv. Kommunestyret vedtek igangsetting av arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) 2020-2040 for Fitjar kommune, i tråd med PBL §11-12.»

25.09.20 utsette formannskapet framdrifta i planarbeidet pga av nytt kommunestyre med slikt vedtak :

«Formannskapet vedtek justert framdrift i kommuneplanarbeidet. For å forankra saka ytterlegare, ønskjer formannskapet politisk handsaming av planforslaget i kommunestyret våren 2020.»

19.02.20 la rådmannen fram forslag til kommuneplan 2020-2040, og formannskapet fatta slikt vedtak:

- «1. Formannskapet drøfta forslaget til kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040, og vil på arbeidsmøte 18. mars leggja fram innspel til planen.*
- 2. Formannskapet ber ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for funksjonshemma uttale seg til planen før neste handsaming i formannskapet 22.april*
- 3. Formannskapet godkjenner framdriftsplanen slik den ligg føre i saksframlegget.»*

Pga av situasjonen med koronapandemi var det ikkje mogeleg å gjennomføra arbeidsseminar i mars, og dette vart utsett til 19 mai og då gjennomført. Saka vert no lagt fram til formannskapet for ny handsaming med hensikt å senda planen ut på høyring.

I planen går det fram korleis ein følgjer opp nasjonale og regional planforventingar.

Vurdering:


Planen har vorte til gjennom ein brei medverknadsprosess.

Formålet med medverknad er å styrka idetilfang og relevans i planen, skape engasjement og gjera iverksetting mogeleg hos mange aktørar.

I perioden januar – september 2019 har vi gjennomført ein omfattande medverknadsprosess der alle innbyggjarar har vore invitert til deltaking via annonsering og folkemøte, og ca 12 % av innbyggjarane i Fitjar har vore direkte involvert i planprosessen. Medverknadsprosess er eit lovkrav i plan- og bygningsloven.

Vi har gjennomført oppsøkjande dialogmøter i heile kommunen der ein har treft innbyggjarane. Metodane vi har nytta har vore folkemøter, besøk på butikkar, kafear, festival, grendamøter, ungdomsdialog - innleiingar, kreative prosessar med mentometer og ordskyer, kafèdialog og frie plenumsdiskusjonar.

Kommuneplanarbeidet har vore organisert slik:



Å skulle planleggja for 20 år

Å skulle planleggja for ein 20 års horisont er utfordrande med tanke på kva samfunnsendingar vi står ovanfor. Mange utviklingstrekk kan vi sjå, og noko ser vi ikkje rekkevidda av tidleg: Eksempelvis: «Når såg vi ideen om vindkraft i Fitjar?» «Kva skjer med og utan Hordfast?» «Kva vil klimakrava bety i praksis?»

Våren 2020 har vi opplevd koronapandemi med nedstenging av samfunnet, og gjenopning. Vi kjenner ikkje dei langsiktige konsekvensane av dette. Å planleggja under situasjonar med stor uvisse er krevjande. Likevel veit vi at krafta til samfunnet ligg i lokalsamfunna og korleis både næringsliv, sivilsamfunn og offentlege tenester reiser seg etter krise. Og desse partnerskapa er vesentleg i vår kommuneplan, også før pandemien.

Planen er noko anna enn summen av alle gode innspel. Planlegging krev prioritering og iverksetting krev ressursar. Kommuneplanen må iverksetjast i eit partnerskap mellom mellom kommune, næringsliv, frivillege organisasjonar og andre offentlege styresmakter for realisering av tiltak.

Vi har vektlagt følgjande i planarbeidet i Fitjar:

- Å vera kunnskapsbaserte kring samfunnsutviklinga
- Å identifisere drivkrefter for samfunnsendringane vi står overfor.
- Å identifisere utviklingsretningen
- Å vera utviklingsorienterte, utan å binda oss for fast i eksisterande strukturar.

Å skapa ein offensiv, gjenkjenneleg og realiserbar plan for lokalsamfunnet, der alle partar – kommunen, næringslivet, frivillege organisasjonar, innbyggjarane - må bidra til iverksetting for å lukkast.

Fitjar kommune har avgrensa administrativ kapasitet til å driva planarbeid. I planen har vi difor avgrensa skrivinga av analysar, men tatt med nøkkelinformasjon om demografi og næringsstruktur, fanga opp sentrale statlege styringssignal, brukt fagfolka sin spisskompetanse- og tverrfaglege kunnskap og kopla den med innspel frå medverknadsprosessen. Planen skal vera tydleg og lettlest.

Planen har eit handlingsprogram som vert rullert kvart fjerde år, og dette vert for kommunen sin del gradvis innarbeida i tråd med politiske vedtak i økonomiplanen. Handlingsprogrammet som er foreslått i planen er såpass konkret at det går an å plukke idear og tiltak framover.

Endringar frå planprogrammet til planforslaget:

I planprogrammet vedtok ein at samfunnsdelen skulle ha sju kapittel (Jfr nedanfor) Då vi var midtvegs i planprosessen og skrivinga av kapitla, såg vi at fleire av kapitla omhandla mange av dei same problemstillingane. Det var då naudsynt å forenkla planen, og unngå gjentakande tekst. Vi foreslår difor å endra noko i kapittelindelinga, men det påverkar i liten grad det tematiske innhaldet.

Planforslaget har no fem kapittel, med tilhøyrande mål og ein del tiltak.

- **Levande sentrum og bulyst**

Innlemma kapittelet om inkludering og mangfald

Innlemma kapittelet om bulyst.

- **Fitjar i berekraftig vekst**
- **Smarte og kompetente kommunale tenester**
- **Den grønne kommunen**
- **Sterke saman**

Vi har berørt dei fleste hovudtema som høyringsinstansane tok opp i planprogrammet i april. Utfordringa har vore å vera kortfatta, og å prioritere.

Kapittelet om sterkare saman, er ein felles tekst i kommuneplanane til Bømlo, Fitjar og Stord med unntak av omtalen av framtidig kommunestruktur.

Etter førre formannskap som handsama planen 19.02.20, har det vore gjennomført eit arbeidsseminar mellom formannskapet og strategisk leiing. Der har politisk leiing gitt nokre styringssignal i slutfasen som har ført til nokre justeringar av teksten t.d. inleiingsvis i kapittel om «Fitjar 2020..» om nokre strategiske vurderingar kring området Svartasmoget – Dåfjorden, om næringsutvikling og enkeltpunkt under ulike handlingsprogram.

Planen har vore til uttale hos Rådet for funksjonshemma, eldrerådet og ungdomsrådet. Innspelet frå rådet til funksjonshemma om å styrke eksemplifisering av problemstillingar knytt omstilling av tenester, er ikkje innarbeida i planen då dette er sentrale omstillingsområde i tenestene. Innspelet frå eldrerådet om kollektivtransport er innarbeida i teksten under grøn mobilitet. Ungdomsrådet handsama saka for seint til å vurdere innarbeiding av tiltaka. Vi vurderer dette i høyringsprosessen. Vedlagt følgjer vedtaka i råda.

Framdriftsplan for kommuneplanen framover:

Drøfting i formannskapet 10.06.20

Utsending av planen på høyring og offentlig ettersyn. Høyringsfrist 20.08.20

Handsaming i FS september

Endeleg handsaming av planen i KS i september.

Gjennomføring !

Å gje planen skapande kraft, å sikre eit breitt samarbeid mellom kommune, næringsliv, friville organisasjonar og andre offentlege styresmakter for realisering av tiltak.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek forslaget til «Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fitjar 2020-2040» og sender den på høyring og offentlig ettersyn ihht Plan- og bygningsloven § 11-14. Høyringsfristen er 20.08.20

Behandling i Formannskapet - 10.06.2020:

Rådmann Olaug Haugen oppsummerte arbeidet med planen fram til den no skal leggjast ut på høyring.

Representanten Kjell Nesbø (AP) har på vegne av AP sendt inn notat til ordføraren med innspel til planen. Dette vert levert til administrasjonen i høyringsperioden.

Vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet vedtek forslaget til «Kommuneplanen sin samfunnsdel for Fitjar 2020-2040» og sender den på høyring og offentlig ettersyn ihht Plan- og bygningsloven § 11-14. Høyringsfristen er 20.08.20

Olaug Haugen
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.